

Odd Bjørnar Gaustad
Nordre Austmarka 73
5938 SÆBØVÅGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/5973 - 21/61678

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
16.09.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 477/12 Solheim vestre

Tiltak: flytting av avkjørsel
Byggjestad: Gbnr: 477/12
Tiltakshavar: Odd Bjørnar Gaustad
Ansvarleg søkjar: Odd Bjørnar Gaustad

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 19.07.2021. Vi ber om orsaking for at sakshandsaming tok lang tid, dette pga. bemanningssituasjon og økt saksmengda.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det skal liggje føre samtykke frå eigar av gbnr 477/11 på etablering av felles avkjørsel på gbnr 477/11.
2. Samferdsel,- veg, vatn og avløpsavdelinga kom med uttale i sak 21/7692 av 13.09.21 vedlagt her. Vi ber om oppdatert målsatt kart med inn teikna avkjørsel. Sjå om Du vil lage avkjørsel slik Samferdsel avd. viser i uttalen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 16.10.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Odd Bjørnar Gaustad

Nordre Austmarka 73

5938

SÆBØVÅGEN